



KULTURHISTORISK  
MUSEUM  
UNIVERSITETET I OSLO  
ARKEOLOGISK SEKSJON  
Postboks 6762,  
St. Olavs Plass  
0130 Oslo

# RAPPORT

## ARKEOLOGISK UTGRAVNING

### Kokegropene og jordbruks spor frå bronsealder til folkevandringstid

Gjerdrum nordre, 12/2  
Gjerdrum, Viken

FELTLEIAR: Kjetil Bortheim  
PROSJEKTLEIAR: Ole Chr. Lønaas



Oslo 2024



KULTURHISTORISK  
MUSEUM  
UNIVERSITETET  
I OSLO

Gård Gjerdrum nordre, gnr. 12/2	Kommune, fylke Gjerdrum kommune, Akershus
Saksnavn Drenering, Gjerdrum nordre	Kulturminnetype Busetnads-/aktivitetssområde
Saksnummer (Khm) 2021/2993	Prosjektkode 103777
Grunneier, adresse Kristian Skallerud, Staden 6, Gjerdrum	Tiltakshaver Kristian Skallerud
Tidsrom for utgraving 5. oktober–8. november 2022	UTM-koordinater/ Kartdatum UTM-sone 32N: N: 6663095, Ø: 616273
A-nr. 2023/1406	C.nr. C65628
ID nr. (Askeladden) 270184	Negativnr. (Khm) Cf55806, Cf55807
Rapport ved: Kjetil Bortheim, 30. januar 2024	Saksbehandler og prosjektleder: Ole Christian Lønaas

## SAMANDRAG

Utgravinga vart utført i oktober–november 2022 i samband med dispensasjon for drenering av ca. 91 daa på Gjerdrum nordre. Lokaliteten låg i dyrka mark i delvis bakkeplanert ravinelandskap, og det vart opna langs ein rygg i vestre del innanfor lokalitetsavgrensinga.

I alt vart om lag 2500 m<sup>2</sup> maskinelt flateavdekka, fordelt på tre flater. 58 strukturar vart påvist; av desse var 35 kokegropar eller kolflekkar og 14 var stolpehol. Fem gropar og ei nedgravning vart målt inn, i tillegg vart tre lag målt inn i eit dyrkingsprofil.

Trekolprøver vart vedartsanalyser og datert. I tillegg vart jordprøver frå laga i dyrkingsprofillen og frå enkelte kokegropar og stolpehol analysert for identifisering av makrofossil. Utover ugras (meldestokk, *Chenopodium album*, og linbendel, *Spergula arvensis*) vart det ikkje funne makrofossil i prøvematerialet.

Utgravingsresultata stadfester til dels registreringsrapporten og målsetjingane i prosjektplanen, då det i all hovudsak var kokegropar, stolpehol og dyrkingslag som vart påvist og undersøkt, men både dyrkingslag og bygningsspor var i beste fall usikre. Høgdedraget nordvest på lokaliteten låg godt til, og var venta å ha spor etter forhistoriske gardsbygningar, men bakkeplanering på staden har ført til at berre relativt djuptgåande strukturar var bevart på flata. Det var ikkje mogleg å finne noko overtydande mønster i oppstillinga av dei bevarte stolpeholene.

Det er òg noko tvil om alderen og informasjonspotensialet til dyrkingslaget som vart påvist i registreringa; framfor alt skuldast dette truleg bakkeplaneringa. Laget låg ovanpå eit kollag datert yngre bronsealder, men det var til dels omrota, spesielt øvst i laget, og det kan truleg definerast som eit fossilt dyrkings- eller kulturlag frå etterreformatorisk tid.

Kokegropene låg stadvis samla i klynger, og truleg har same stad vore nytta til same føremål ved fleire høve. Sidan undersøkinga var den første i Gjerdrum kommune på lang tid, er undersøkinga av kokegropene eit bidrag til det store datamaterialet som utgjer kokegropar på Austlandet. Dateringane ligg innanfor eit spekter mellom ca. 350 f.Kr. og ca. 600 e.Kr., med hovudvekta liggande i intervallet 200–550 e.Kr.



**INNHOLD:**

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN .....</b>	<b>5</b>
<b>2</b>	<b>DELTAKARAR, TIDSROM .....</b>	<b>7</b>
<b>3</b>	<b>BESØK OG FORMIDLING .....</b>	<b>7</b>
<b>4</b>	<b>LANDSKAP OG KULTURMILJØ.....</b>	<b>7</b>
<b>5</b>	<b>PRAKTISK GJENNOMFØRING AV UTGRAVINGA .....</b>	<b>8</b>
5.1	Problemstillingar og prioriteringar .....	8
5.2	Metode og dokumentasjon .....	8
5.3	Utgravinga sin gang .....	9
5.4	Kjeldekritiske problem.....	10
<b>6</b>	<b>UTGRAVINGSRESULTAT .....</b>	<b>12</b>
6.1	Strukturar og kontekstar .....	13
6.1.1	Hus .....	13
6.1.2	Kokegropar og kolflekkar.....	14
6.1.3	Dyrkingslag .....	20
6.2	Funnmateriale .....	24
<b>7</b>	<b>NATURVITSKAPLEGE PRØVER OG ANALYSAR .....</b>	<b>24</b>
7.1	Vedart .....	24
7.2	Datering .....	24
7.3	Makrofossil .....	27
7.4	Mikromorfologi .....	27
<b>8</b>	<b>VURDERING AV RESULTATA, TOLKING OG DISKUSJON .....</b>	<b>27</b>
<b>9</b>	<b>SAMANDRAG .....</b>	<b>29</b>
<b>10</b>	<b>LITTERATUR.....</b>	<b>30</b>
<b>11</b>	<b>VEDLEGG.....</b>	<b>31</b>
11.1	Strukturliste.....	31



<b>11.2</b>	<b>Tilveksttekst.....</b>	<b>32</b>
<b>11.3</b>	<b>Prøver.....</b>	<b>35</b>
11.3.1	Kolprøver.....	35
11.3.2	Makrofossilprøver.....	35
11.3.3	Mikromorfologiske prøver.....	36
<b>11.4</b>	<b>Fotoliste .....</b>	<b>36</b>
11.4.1	Cf55806 .....	36
11.4.2	Cf55807, fotogrammetri .....	41
<b>11.5</b>	<b>Analyseresultat .....</b>	<b>49</b>
11.5.1	Vedartsanalyse (Salvig og Mikkelsen 2022) .....	49
11.5.2	C14-datering (Schmidt og Primetzhofer 2023).....	59
11.5.3	Makrofossilanalyse (Ranheden 2023).....	69
<b>11.6</b>	<b>Kart .....</b>	<b>71</b>
<b>11.7</b>	<b>Arkivert originaldokumentasjon .....</b>	<b>75</b>




# RAPPORT FRÅ ARKEOLOGISK UTGRAVING

## GJERDRUM NORDRE, 12/2, GJERDRUM K., AKERSHUS

### 1 BAKGRUNN

Grunneigar på Gjerdrum nordre (gnr. 12/2) planlegg drenering av eit 91 dekar stort jorde. Grøftinga vil komme i konflikt med ein lokalitet med busetnad- og aktivitetsspor (id 270184) som vart registrert av Viken fylkeskommune i 2020 (Fjærstad 2021). Kulturhistorisk museum tilrådde i brev av 10. mai 2021 fylkeskommunen å gje løyve til drenering iht. Kml. § 8, 1. ledd med vilkår om ei arkeologisk undersøking. Riksantikvaren gjorde vedtak om omfang og kostnader i brev av 14. januar 2022, der det òg vart sluttat at Staten dekkjer kostnadene til utgravinga. Fylkeskommunen gav løyve til inngrep i lokaliteten med vilkår om arkeologisk undersøking i brev av 17. januar 2022.





Figur 1: Oversiktskart som viser Gjerdrum nordre, markert med raudt omriss på nedste kartutsnitt (Cf55806\_221). Kartgrunnlag: Statens kartverk.



## 2 DELTAKARAR, TIDSROM

Namn	Stilling	Periode	Dagsverk
Kjetil Bortheim	Utgravingssleiar	3.10 – 8.11	24,5
Charlotte Nueva Finnebråten	Ass. feltleiar	5.10 – 8.11	22
Serine Hallgrimsdotter Bjøru	Assistent	5.10 – 8.11	25
Kristine Friis Jørgensen	Assistent	17.10 – 4.11	15
<b>Sum</b>			<b>86,5</b>
	GIS		
Richard Bergan	Gravemaskinførar	5.10.–14.10.	8

## 3 BESØK OG FORMIDLING

Det var ambisjonar om å vise utgravinga fram for skuleelevar i kommunen, men ressurskostnadene tilknytt transport frå skulen hindra ei slik organisert formidling. Det vart likevel høve til meir improvisert formidling då naboar og turgjengrar kom forbi og viste interesse. Denne typen formidling var relativt kortvarig per visitt, og har truleg ikkje lagt beslag på meir enn tre til fire timer av mannskapet si totale arbeidstid.

## 4 LANDSKAP OG KULTURMILJØ

Tiltaksområdet ligg i den austre delen av Gjerdrum kommune, mellom tettstadene Kløfta og Ask, og mellom elvene Leira og Gjermåa. Området ligg i eit ravinlandskap med bratte hellingar ned mot bekker og elver, med gardar liggjande spreidd på høgdedraga. Det har vore utført omfattande bakkeplanering i området. Jordet ligg mellom gardstunet til Gjerdrum nordre, Gjerdrum prestegard og Gjerdrum kyrkje (id 84251). Sistnemnde er ein mellomalderkyrkjestad og ligg om lag 150 meter mot nordvest. Om lag 300 meter mot nord ligg lokaliteten 'Galgehaugen' som omfattar to gravhaugar med eit tverrmål på 18–20 meter (id 31983). Det er gjort enkelte funn av oldsaker ved bruk av metalldetektor innanfor ein radius på 450 meter frå den undersøkte lokaliteten. Funna er i hovudsak gjenstandar med koparlegering. Dei utgjer eit fragment med hol (id 241364), ei ringspenne (id 241365), ein platefibula (id 241366), eit hengebryne av skifer (id 241367), ei miniatyrorks (id 269589), eit vektlodd eller enden på ei draktnål (id 269599) og ei nål til spenne (id 269600). I tillegg er det funne to bergartsøkser frå yngre steinalder på garden (C13728 og C32855), medan det på prestegarden er funne ei øks av jarn saman med andre oldsaker (C4813, Skre 1998:321–323).

Dagfinn Skre (1998) har studert tilhøve knytt til kyrkjer, jordeigedom, gardsbusetnad og gardsutvikling på Romerike i jernalderen og mellomalderen i doktorgradsavhandlinga si. Her er mellom anna garden Gjerdrum og den nærliggjande prestegarden omtalt fleire stader. Det går fram at Gjerdrum i mellomalderen var den største garden i bygda Syd-Lem, og at den truleg var ein hovudgard med fleire underliggende gardar (Skre 1998:337). Det ser ut til at prestegarden opphavleg har vore ein del av Gjerdrum gard. Fleire heileigde gardar grupperer seg rundt dette området og kan frå tidleg historisk tid ha stått fram som ei godssamling (Skre 1998:181–182). Utanom at garden Gjerdrum er kjent som ein framståande gard i skriftlege kjelder frå mellomalderen, er det rimeleg å forvente at det har vore gardsbusetnad med ei viss tyngd på staden jamvel i jernalderen.



## 5 PRAKTIK GJENNOMFØRING AV UTGRAVINGA

### 5.1 PROBLEMSTILLINGAR OG PRIORITERINGAR

Ved registreringa i 2020 vart det grave ni sjakter gjennom lokaliteten; i sju av desse vart det påvist til saman seks stolpehol, 26 kokegropar og eitt til to kulturlag/dyrkingslag.

Den vitskaplege verdien knytt til ei undersøking av kultur-/dyrkingslaget var sett som potensielt stor, og det var i tillegg rekna med høgt sannsyn for at restar av gardsbygningar kunne vere bevart i nordre enden av lokaliteten, trass omfattande landskapsarbeid og moderne drift av jorda.

Ei sentral problemstilling var å avklare kva tidsperiodar som er representert, og kva aktivitetar som har funne stad i dei ulike periodane. I tillegg var det av interesse å få bestemt formasjonsprosessen bak kultur-/dyrkingslaget, og om det faktisk er restar av forhistorisk jordbruk eller om det er nyare tids matjord som har blitt bulldosert.

Jordbrukslandskapet i Romerike har hatt mange undersøkingar av busetnadsspor dei seinaste tiåra, men ingen har funne stad i Gjerdrum. Undersøkinga er dermed eit bidrag til å utfylle kunnskapen om forhistorisk busetnad i ravinelandskapet på Romerike. I denne samanhengen vil dokumentasjon av dei mange kokegropene på lokaliteten – datering, funksjon og kontekst – utgjere eit bidrag i overordna analysar av kokegropar som massemateriale (Lønaas 2021).

### 5.2 METODE OG DOKUMENTASJON

Gravemaskin vart nytta til flateavdekking og sjaktgraving, med grovreinsing for hand for å få fram strukturane i grunnen. Strukturane vart fortløpende målt inn. Etter fullført avdekking vart område med strukturar finreinsa og dokumentert i plan og profil.

Dokumentasjon av strukturar føregjekk med digital innmåling i plan, skriftleg skildring og fotografi. Representative strukturar vart i tillegg teikna i profil. Til fotografering vart det nytta kamera av typen Olympus Tough TG-5. Til dokumentasjonen elles disponerte personalet kvar sin iPad med relevant programvare: Filemaker Go til skriftlege skildringar, og Sketchbook vart no og då nytta til teikning av strukturar. Teikning vart òg utført med blyant på plastfilm.

Ved innmåling vart det nytta ein Trimble R6 GPS med CPOS-presisjon. Intrasis (Version 3.2.0) vart nytta til handsaming og analyse av innmålte einingar i felt. Til vidare databehandling, analyse og publisering av GIS-data vart ESRI's ArcMap 10 brukt.


Dataflyten frå GPS til Intrasis-programvaren skjer ved at målepunkta blir lagra som Trimble RAW-filer på måleboka, som er ein Trimble TSC3 eller TDC600. Her blir dei konvertert til Intrasisformat før dei blir eksportert inn i sin tilhøyrande Intrasis prosjekt-base på berbar PC. Vidare foredling og analyse av data blir utført i Intrasis og ESRI's ArcMap 10.

Alle kartdata er sett i koordinatsystem UTM/WGS84 sone 32N, og lagra i ESRI geodatabase-format ved avlevering til Dokumentasjonsseksjonen ved Kulturhistorisk museum. I tillegg blir dei respektive Intrasis-prosjekta avlevert til same eining for lagring og eventuell distribusjon.




### 5.3 UTGRAVINGA SIN GANG

Flateavdekking tok til mot slutten av første dag, 5. oktober, og heldt fram til og med 14. oktober. Fordi potensialet for bevarte restar av gardsbygningar var stort på den nordre flata, var det i denne delen undersøkinga tok til.



Figur 2: Lokalitet 270184 med registreringssjakter og funn (raudt). Planlagt utgravingsområde er skissert i blått (frå prosjektplan) (Cf55806\_222).



Figur 3: LIDAR frå Askeladden. Skjermdump 15.4.2021 (frå prosjektplan) (Cf55806\_223).

Utover registreringsresultata var HMS-omsyn ein medverkande faktor for kva delar av lokaliteten som vart undersøkt. Lokaliteten ligg ca. 30 meter nord for kvikkleiresone 95 *Nordli*, der faren for leireskred er vurdert som låg. Museet ønskte likevel å vere etterhaldne med omsyn på avdekking i skråninga og ut mot kanten for å unngå overflateutgliding (Lønaas 2021, kap. 5.2). Det var difor bestemt at utgravinga skulle halde seg langs ein rygg som går sør frå vegen Staden, vest i lokaliteten, og skråninga i austre kant av lokaliteten skulle nedprioriterast. Den sørlege delen av denne ryggen hadde heller ikkje prioritet. Det vart likevel slutta å opne eit felt lengst sør på ryggen, der ei klynge større kokegropar var registrert, men heile tida med eit auge på kor trygt gravemaskina stod i hellinga etter kvart som feltet vart utvida mot aust.

Éi sjakt vart opna og lukka på same dag. Denne sjakta vart graven for å identifisere og dokumentere dyrkingslaget som vart påvist i fleire av fylkeskommunen sine sjakter. Laget vart funne, men viste seg å ligge så djupt at det ikkje ville vere forsvarleg å late sjakta stå open over lengre tid. Dyrkingslaget vart difor ikkje fullstendig dokumentert med teikning av dyrkingsprofilen i sjakta si fulle lengde; i staden vart det prioritert å ta ut prøver og fotodokumentere prøveområda. Då prøveuttaket var fullført, vart sjakta fylt att før gravemaskina forlét feltet. Etter at maskina var borte, heldt det arkeologiske arbeidet fram med reinsing, snitting og dokumentasjon av strukturane på flatene som var opna.


## 5.4 KJELDEKRITISKE PROBLEM

Jordbruks historikken på lokaliteten er ei mogleg forklaring på kvifor kulturminna har vore vanskeleg å skile i grunnen. Ein stor del av jordbrukslandskapet i og rundt Gjerdrum vart bakkeplanert på 1970- og 1980-talet. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har produsert eit temakart over jordforstyrningar som til dømes bakkeplanering. I dette kartet er ikkje området omfatta av lokaliteten bakkeplanert, medan dei brattare områda aust for lokaliteten er oppført med slik jordforstyring. Grunneigar har på si side opplyst om at jorda på dette høgdedraget vart planert ut på 1970-talet, og at dette forklarer kvifor matjorda på toppen er næraast fråverande (Lønaas 2021). Vanleg praksis ved bakkeplanering var å fjerne dei øvste laga av jorda og bruke desse massane for å jamne ut hellinga. Undergrunnsjorda har såleis blitt omgjort til overflatesjikt (Mjaavatten og Svendgård-Stokke 2022). Eit slikt inngrep, der det har blitt utført, har truleg hatt omfattande konsekvensar for bevaringsgraden av kulturminne som ikkje har gått djupt i undergrunnen, som til dømes stolpehol eller veggrøfter.

Grunnen var relativt flat, men samansettningen og konsistensen var svært skiftande, spesielt på det nordre feltet der matjordlaget i tillegg var svært tynt. Med det same grunnen skifta frå leire til sand, gav underlaget etter for presset frå gravearmen. Dette gav utfordringar for maskinføraren, og det var vanskeleg å halde graveskuffa på same nivå. Resultatet vart ei tidvis ondulerande flate (Figur 4). Med omsyn på om dette har svekka kvaliteten av det arkeologiske arbeidet, er det mindre truleg at den bølgjande flata påverka om ein klarte å identifisere strukturane i grunnen, men den skiftande og flekkete samansettningen har ikkje gjort arbeidet enklare.

Utdrawinga var lagt til etter haustinga, og fann stad i oktober/november, med det veret som hausten oftast fører med seg. Spesielt dei siste dagane på feltet var våte, og enkelte av strukturane vart oversvømt før dei kunne dokumenterast ferdig. Konsekvensen av dette var liten med omsyn på tolkinga av den forhistoriske aktiviteten, men det er verd å nemne at dokumentasjonen er mangelfull på ein del strukturar nær nordaustre hjørne av lokaliteten.





Figur 4: Ortofoto som viser ein del av nordre felt. Tidlege utfordringar med dei skiftande massane kjem til syne som bølger i grunnen nær den nordre kanten på feltet, øvst i biletet (Cf55807\_055 overlagt Cf55807\_301).



## 6 UTGRAVINGSRESULTAT



Figur 5: Lokalitet 270184 på Gjerdrum nordre. Kartet viser alle strukturar frå KHM si undersøking (Cf55806\_224).



På Gjerdrum nordre vart det i alt målt inn 77 strukturar (Figur 5). Av desse vart 19 avskrivne. Seks strukturar (nedgraving og groper) var utan tydeleg funksjon og er ikkje prioritert verken i prøvematerialet eller diskusjonen.

## 6.1 STRUKTURAR OG KONTEKSTAR

### 6.1.1 Hus

Den nordre flata vart rekna som ei gunstig plassering for eventuelle gardsbygningars. Dette var òg det einaste området der det var funne stolpehol under registreringa; registreringsrapporten skildrar seks stolpehol i to sjakter nord på flata. Desse tilhøva bidrog til at den nordre flata vart prioritert tidleg i flateavdekkinga, og feltet vart opna sørover frå den nordlege kanten av lokaliteten.

I alt vart det påvist tolv stolpehol på denne flata. Det var ikkje ein tilstrekkeleg klår samanheng mellom nokon av stolpeholene til å uteleie nokon tendens eller eit omriss av bygningar.


Fordi det ikkje var nokon tydelege spor etter bygningar, vart ikkje stolpeholene prioritert blant prøvene som vart sendt til datering. Eitt stolpehol er datert til eldre bronsealder ( $3063 \pm 31$  BP, Ua-77004, Schmidt og Primetzhofer 2023); denne dateringa er den eldste på feltet. Strukturen såg ut som den kunne vere eit dobbelt stolpehol, og det vart teke ei makroprøve frå kvart av desse to avtrykka.

Det vart teke ut jordprøver frå sju andre stolpehol, for å finne eventuelle makrofossil. To av makroprøvene gav funn av ugras: meldestokk (*Chenopodium album*) og linbendel (*Spergula arvensis*). Båe desse artane trivst godt i nitrogenrik jord, og indikerer sterkt kulturpåverka jord.

**Tabell 1: Stolpehol på Gjerdrum nordre.**

A-nr.	S-nr. (Viken)	Form i flate	Botn i profil	Sider i profil (v/h)	Lengde x bredde (cm)	Djupn (cm)
220218		ujamn	ujamn	krum/ujamn	71x62	24
220271		ujamn	ujamn	ujamn/ujamn	41x22	6
220379	S25 (kokegrop)	rund	flat	skrå/skrå	25x25	13
220403		ujamn	flat	skrå/skrå	48x?	14
220443	S30	oval	flat	krum/krum	52x43	5
220471		oval	flat	skrå/skrå	40x35	6
220520	S20	rund	avrunda	krum/krum	44x38	7
220532		oval	avrunda	krum/krum	40x32	7
220568		oval	avrunda	krum/krum	47x31	4
220582		oval	flat	skrå/skrå	24x15	8
220594		uforma	avrunda	krum/krum	25x20	8
220606		oval	flat	skrå/skrå	37x20	3
220709		oval	avrunda	krum/krum	48x31	13
221714		oval	rund	krum/krum	45x35	21






Figur 6: Nordre felt på Gjerdrum nordre. Kartet viser stolpehol fra Viken fylkeskommune si registrering og Kulturhistorisk museum si undersøking (Cf55806\_225).

### 6.1.2 KOEGROPER OG KOLFLEKKAR


29 strukturar er skildra som kokegropar, og seks som kolflekkar. Nokre av kolflekkane er opphavleg målt inn som kokegropar, men liten utstrekning, uklår avgrensing og/eller eit fråver av skjørbrend stein i restane av strukturen, er blant trekka som har skapt tvil om tolkinga. Det er likevel ikkje utenkjeleg at nokre av desse kolflekkane er botnen av ei kokegrop. Gjeve at lokaliteten ikkje ber overtydande spor etter bygningar eller andre busettadsrestar, men rikeleg med kokegropar, er denne tolkinga framleis den som ligg nærmast for kolflekkane. Fylkeskommunen registrerte 26 kokegropar, og halvparten av desse vart funne att og undersøkt. Fleire av dei registrerte kokegropene ligg derimot lengre ned i skrånninga, hovudsakleg aust for felta som vart opna, men det ligg òg eit par strukturar i bakken vest for feltet. Til saman er det påvist minst 42 einskilde kokegropar på lokaliteten; truleg ligg fleire kokegropar nedover i bakken mot aust (Figur 10).

Ingen av kokegropene såg ut til å ha meir enn éin fase, og for mange av dei var truleg ein del av toppen grave bort. Fem til seks var store og rektangulære med flat botn (Figur 7 og Figur 8), eit fleirtal var runde eller ovale (Figur 9).





Figur 7: Klynge av rektangulære kokegropes på søndre felt: A220788, A220805 og A220823 (Cf55806\_045, mot nordvest).



Figur 8: Døme på rektangulære kokkegropes på Gjerdrum nordre: t.v. A220750 i plan og profil (Cf55806\_031 og Cf55806\_072, både mot vest), t.h. A221399 i plan og profil (Cf55806\_137, mot aust, og Cf55806\_149, mot vest).



Figur 9: Døme på runde koegroper på Gjerdrum nordre: t.v. A220775 i plan og profil (Cf55806\_028 og Cf55806\_035, båe mot vest), t.h. A220867 i plan og profil (Cf55806\_102 og Cf55806\_111, båe mot aust). A220867 låg i kanten av feltet, og var berre delvis eksponert i plan. Matjordslaget er dermed bevart over koegropene i profilet.

**Tabell 2: Koegroper og kolflekkar på Gjerdrum nordre.**

A-nr.	S-nr. (Viken)	Strukturtype (KHM)	Form i flate	Botn i profil	Sider (v/h)	Lengde x bredde (cm)	Djupn (cm)
220095		Koegrop	rund	flat	skrå/krum	120x100	3
220291		Koegrop	rund	avrunda	krum/skrå	72x60	
220364		Koegrop	ujamn			48x40	
220388		Koegrop	ujamn	ujamn	ujamn/ujamn	95x95	5
220457		Koegrop	oval	ujamn	ujamn/ujamn	68x59	15
220727		Koegrop	oval	flat	krum/krum	110x98	13
220750		Koegrop	rektaangulær	flat	skrå/skrå	260x175	21
220775		Koegrop	rund	avrunda	krum/krum	145x145	14
220788	S2	Koegrop	rektaangulær	flat	krum/krum	180x136	7
220805	S1	Koegrop	rektaangulær	skrå	krum/krum	173x96	15
220823	S3	Koegrop	rektaangulær	ujamn	ujamn/krum	195x132	25
220841		Koegrop	ujamn	flat	ujamn/skrå	152x113	17
220853	S8	Koegrop	avlang	flat	krum/krum	120x45	11
220867		Koegrop	rund?	skrå	krum/rett	83x60	23
220891		Koegrop	ujamn	avrunda	krum/rett	125x105	16

A-nr.	S-nr. (Viken)	Strukturtype (KHM)	Form i flate	Botn i profil	Sider (v/h)	Lengde x bredde (cm)	Djupn (cm)
220916		Kokegrop	ujamn	ujamn	ujamn/ujamn	41x29	11
220930	S9	Kokegrop	oval	ujamn	ujamn/ujamn	228x215	12
220971		Kokegrop	uformा	avrunda	krum/krum	200x190	19
221014		Kokegrop	uformа	avrunda	krum/skrå	170x140	21
221036		Kokegrop	rund	ujamn	ujamn/ujamn	60x59	5
221055		Kokegrop	ujamn	ujamn	ujamn/ujamn	90x51	15
221076		Kokegrop	oval	flat	krum/krum	100x90	13
221134		Kokegrop	oval	avrunda	rett/krum	135x90	8
221160		Kokegrop	uformа	flat	krum/krum	265x180	30
221244		Kokegrop	rund	flat	krum/utydeleg	60x60	6
221384	S27	Kokegrop	avlang	ujamn	ujamn/ujamn	120x65	5
221399	S23	Kokegrop	rektaŋgulær	ujamn	krum/krum	207x150	16
221479	S14	Kokegrop	oval	ujamn	skrå/rett	140x100	15
221606		Kokegrop	rund	avrunda	krum/skrå	72x64	16
220481		Kolflekk	uformа			23x20	3
220678	S15	Kolflekk	rund			71x67	
220878	S12	Kolflekk	rund			70x65	2
221204		Kolflekk	oval			88x78	
221223		Kolflekk	rund			86x86	
221551		Kolflekk	avlang	flat	skrå/skrå	60x15	7





Figur 10: Kokegrop og kolflekkar på Gjerdrum nordre (Cf55806\_226).



### 6.1.3 DYRKINGSLAG

Eitt til to kultur-/dyrkingslag var identifisert i registreringsrapporten. Ved den påfølgjande undersøkinga vart det sjakta på tvers av registreringssjaktene der fylkeskommunen hadde påvist dyrkingslaget, for å betre kunne vurdere om laget var kontinuerleg eller om det faktisk var to separate lag. Laget viste seg å stikke djupare i jorda enn forventa, og det vart ikkje grave så mykje som planlagt. Laget såg ut til å ha ein ende i den sørlege delen av sjaktprofilet, der terrenget steig noko. Utstrekninga vart ikkje stadfesta utover dette.

I sjaktprofilet vart to lag observert mellom den moderne landbruksjorda og leiregrunnen. Dyrkingslaget AU221290 var samansett av to lag, mogleg frå ulike dyrkingsfasar. Det øvste laget var tynnare enn det nedste laget, og såg ut til å vere mindre kompakt. Det øvste laget hadde ein lysare gråbrun farge samanlikna med det nedste laget, som var mørk gråbrunt med ein del kolspettar. Laget var synleg i byrjinga av sjakta, og var relativt tjukt (opptil om lag 50 cm) i sokket mellom nordre og søndre høgdedrag. Det følgde ikkje heile dyrkingsprofilet til endes, men såg ut til å bli borte der terrenget steig mot det søndre høgdedraget, seks til sju meter nord for sørrenden av profilet.

Det er verd å nemne at laget framstod med lite definert overgang spesielt til dei overliggende massane. Tolkinga som var gjort i felt kunne supplerast ved å studere biletar i etterkant, og laget verkar til dels omrota.

AL221292 var eit tilsvarande diffust kollag som var synleg i eit mindre parti nord i dyrkingsprofilet. Kolet var noko utvaska, og låg mellom dyrkingslaget og undergrunnen.






Figur 11: Lagdelinga ved prøveuttaksområde 1 i dyrkingsprofil C221343. Prøvene vart ikke sendt til analyse (Cf55806\_021, mot vest).





Figur 12: Lagdelinga ved prøveuttaksområde 2 i dyrkingsprofil C221343. Prøvene vart ikke sendt til analyse (Cf55806\_023, mot vest).





Figur 13: Dyrkings-/kulturlag på Gjerdrum nordre (Cf55806\_227).



## 6.2 FUNNMATERIALE

Det vart ikkje funne gjenstandar. Noko brent bein vart funne i tre av kokegropene, men fragmenta vart kassert, då dei var for små til å stadfeste art. Eit lite jarnfragment vart òg funne utanfor kontekst på den nordre flata, og vart kassert i etterarbeidet.

## 7 NATURVITSKAPLEGE PRØVER OG ANALYSAR

### 7.1 VEDART

I alt 15 kolprøver vart vedartsanalyser i Moesgaard museum i Århus, sjå Tabell 3 (Salvig og Mikkelsen 2022). Frå kvar prøve vart opp til ti fragment plukka ut og nærmere analysert. Éi prøve var frå kollaget (A221292) i dyrkingsprofilen, resten av prøvene var tekne frå kokegropar.<sup>1</sup> Åtte prøver inneheldt berre éin tresort, medan sju prøver hadde to eller tre sikre vedartar representert blant dei utvalde fragmenta. Or, bjørk og eik var sterkest representert, både med omsyn på prosentandelen totalt i prøvematerialet og kor ofte artane førekjem i prøvene.

**Tabell 3:** Vedartsanalyserte prøver frå Gjerdrum nordre.

Prøvenr.	Anleggsnr.	Kontekst	Vekt (g)	Vedart
221419	220727	Kokegrop	1,4	4 bjørk, 5 hegg, 1 ubestemt
221436	221160	Kokegrop	70,2	10 eik
221529	220775	Kokegrop	12,2	10 furu
221530	220841	Kokegrop	5,8	1 or, 5 bjørk, 4 selje
221531	220823	Kokegrop	10	10 eik
221532	220750	Kokegrop	6,9	10 eik
221534	221244	Kokegrop	6,2	10 or
221536	220891	Kokegrop	1,4	6 bjørk, 4 frukttrær
221539	220867	Kokegrop	3	10 selje/vier/osp
221540	220805	Kokegrop	8	10 or
221712	220218	Stolpehol	2,7	5 bjørk, 3 selje, 2 selje/vier/osp
221725	221606	Kokegrop	3,1	5 or, 2 eik, 3 truleg hegg/kirsebær/slåpe
221726	220291	Kokegrop	2,9	3 lønn, 5 or, 1 ubestemt, 1 truleg or
221729	221399	Kokegrop	20,3	10 osp
1000026	221292	Kollag	0,6	7 bjørk, 3 hassel

### 7.2 DATERING

Etter vedartsanalyse vart dei 15 kolprøvene <sup>14</sup>C-datert ved Ångströmlaboratoriet, Uppsala. Dei daterte kokegropene er hovudsakleg frå romartid og folkevandringstid, med enkelte dateringar i førromersk jernalder og enkelte som kryp opp i merovingartid. Det einaste stolpehollet som er datert er frå eldre bronsealder, den eldste dateringa på lokaliteten. Kollaget A221292 i dyrkingsprofilen er datert til yngre bronsealder.

<sup>1</sup> Anlegg 220891 var feilaktig opplyst å vere eit dyrkingslag; anleggsnummeret og prøvenummeret 221536 stemmer derimot over eins. Feilen har følgt med vidare til analyserapporten.




**Tabell 4: Daterte kolprøver fra Gjerdrum nordre.**

Pnr.	Anr.	Kontekst	BP	1-sigmakal.	2-sigmakal.	Datert materiale	Labnr.	
1000026	221292	Kollag	2827±30	1010–929 calBC	1105–1096, 1079–1068, 1054–902 calBC	<i>Corylus sp.</i> , hassel	Ua-76993	
221419	220727	Kokegrop	1531±30		482–491, 537–593 calAD	435–466, 474–519, 528–602 calAD	<i>Prunus sp.</i> , hegg/kirsebær/slåpe	Ua-76994
221436	221160	Kokegrop	1714±30		261–277, 338–382, 387–392, 396–402 calAD	252–292, 316–414 calAD	<i>Quercus sp.</i> , eik	Ua-76995
221529	220775	Kokegrop	1905±30		84–95, 116–170, 184–203 calAD	31–39, 61–217 calAD	<i>Pinus sp.</i> , furu	Ua-76996
221530	220841	Kokegrop	1601±30		425–440, 450–456, 459–478, 496–534 calAD	417–543 calAD	<i>Betula sp.</i> , bjørk	Ua-76997
221531	220823	Kokegrop	1743±30		251–265, 272–294, 312–352, 354–361 calAD	244–382, 387–392, 396–402 calAD	<i>Quercus sp.</i> , eik	Ua-76998
221532	220750	Kokegrop	1802±29		220–252, 290–318 calAD	134–136, 166–187, 203–261, 276–342 calAD	<i>Quercus sp.</i> , eik	Ua-76999
221534	221244	Kokegrop	1717±29		260–279, 336–382, 388–391, 397–401 calAD	251–293, 316–412 calAD	<i>Alnus sp.</i> , or	Ua-77000
221536	220891	Kokegrop	2048±30		94–72 calBC, 55 calBC–8 calAD	154 calBC–25 calAD, 49–55 calAD	<i>Betula sp.</i> , bjørk	Ua-77001
221539	220867	Kokegrop	1612±29		418–438, 452–453, 461–477, 497–533 calAD	414–540 calAD	<i>Salix sp./Populus sp.</i> , selje/vier/osp	Ua-77002
221540	220805	Kokegrop	1612±30		418–438, 452–453, 461–477, 497–533 calAD	413–541 calAD	<i>Alnus sp.</i> , or	Ua-77003
221712	220218	Stolpehol	3063±31		1389–1335, 1321–1278 calBC	1412–1257, 1244–1227 calBC	<i>Betula sp.</i> , bjørk	Ua-77004



Pnr.	Anr.	Kontekst	BP	1-sigmakal.	2-sigmakal.	Dateret materiale	Labnr.
221725	221606	Kokegrop	2139±30	339–323, 198–145, 140–107 calBC	349–304, 206–51 calBC	<i>Alnus sp., or</i>	Ua-77005
221726	220291	Kokegrop	2143±30	341–321, 200–147, 137–108 calBC	349–290, 224–222, 207–88, 81–52 calBC	<i>Alnus sp., or</i>	Ua-77006
221729	221399	Kokegrop	1882±30	128–204 calAD	81–98, 110–234 calAD	<i>Populus sp., osp</i>	Ua-77007



Figur 14: Radiologiske dateringer fra Gjerdrum nordre, kronologisk ordna, fra OxCAL.



### 7.3 MAKROFOSSIL

17 prøver vart flottert ved Kulturhistorisk museum og deretter makrofossilanalyser hjå Arkeologerna ved Statens Historiska Museer i Stockholm. Seks av prøvene inneheldt makrofossil i form av meldestokk (*Chenopodium album*) og/eller linbendel (*Spergula arvensis*).

**Tabell 5: Analyserte makoprøver frå Gjerdrum nordre.**

Prøvenr.	Anleggsnr.	Kontekst	Trekol	<i>Chenopodium album</i>	<i>Spergula arvensis</i>
221264		Utvaskingslag?	(x)	x	
221265	221290	Dyrkingslag	(x)	x1	
221269	221292	Kollag	xxx	2	
221294		Undergrunn	xxx		
221533	220750	Kokegrop	x		
221535	221160	Kokegrop	x		
221537	221479	Kokegrop	Ingen	1	
221538	220709	Stolpehol	(x)		
221646	220403	Stolpehol	x	1	4
221711	220218	Stolpehol	x		
221713	220218	Stolpehol	x		
221723	221714	Stolpehol	xx		
221724	220320	Kulturlag	xxx		
221727	220457	Stolpehol	x		
221728	220379	Stolpehol	x		
221735	220594	Stolpehol	(x)		
221736	220520	Stolpehol	(x)		2

x–xxxx viser mengda trekol i prøven, frå svært lite til nesten utelukkande. (x) indikerar forsvinnande små mengder.

### 7.4 MIKROMORFOLOGI

Det vart teke ut to prøveseriar meint for mikromorfologisk analyse, men i samråd med prosjektleiar og dr. Richard Macphail vart det konkludert med at ein analyse truleg ikkje ville gje tilstrekkeleg gode resultat til å kaste lys over bruken av jorda, og ingen prøver vart sendt.

## 8 VURDERING AV RESULTATA, TOLKING OG DISKUSJON

Det har vore gjort mange arkeologiske undersøkingar på Romerike dei siste 50 åra, men ingen av desse har funne stad i Gjerdrum kommune. Utgravinga er såleis eit viktig bidrag til kunnskapen om gardsbusetnad i ravinlandskap på Romerike i forhistorisk tid.

Vissa om at området var påverka av moderne jordbruk og bakkeplanering, førte til ein moderat optimisme med omsyn på kunnskapsutbytet. Det var likevel knytt noko forventingar til den nordre flata og potensialet for bevarte restar av gardsbygningiar.



Bakkeplaneringa har vore eit tema ved diskusjon av strukturar og jordbruksopor. Som nemnt i kapittel 5.4 er det sannsynleg at også delar av det undersøkte området på Gjerdrum nordre har vore planert ut med bulldosar. NIBIO sitt temakart over området viser ikkje bakkeplanering på høgdedraget nordvest på lokaliteten, men grunneigar opplyser om at slik utplanering fann stad på 1970-talet. NIBIO presiserer at temakarta deira ikkje er eigna til bruk på eit svært detaljert nivå, og at lokalkunnskap ofte vil kunne vere nyttig tilleggsinformasjon til karta. Grunneigar si utsegn blir dermed rekna som utfyllande og til dels korrigande informasjon ovanpå NIBIO si kartlegging.

### **Prøveresultat**

I rapporten frå makrofossilanalysen vart det påpeikt ein påfallande mangel på trekol i enkelte av prøvene. Ein sannsynleg årsaksforklaring er bakkeplaneringa som fann sted på 1970-talet. Floteringa av prøvene har følgt arbeidsmetoden som er fastsett ved Kulturhistorisk museum, og to arkeologar fekk likt utsjåande prøver etter flotering. Feilmarginen i prosessen må dermed reknast som minimert.

Makrofossil frå lokaliteten er avgrensa til nokre få eksemplar av ugras som trivst i nitrogenrik jord, noko som indikerer gjødsling og dermed dyrking eller beiting. Det er derimot lite å byggje vidare på i diskusjonen om jordbruksaktiviteten på staden, då det ikkje vart funne kornrestar som kunne fortelje noko om kva som eventuelt har vore dyrka.

### **Stolpehol**

Den omfattande modifiseringa av landskapet påverkar i stor grad tolkinga av utgravingsresultatet. Framfor alt kan inngrepene forklare at matjordslaget på nordre felt var svært tynt, og at det er eit fåtal stolpehol som har gått djupt nok i leiregrunnen til at ein rest har unngått skjeret til bulldosaren. Stolpeholene som vart påvist var av varierande storleik, og det var ingen tydeleg samanheng mellom dei. Med velvilje kan ein føreslå at stolpeholene følgjer ei orientering langs ein akse som går i om lag nordaustleg–sørvestleg retning, men fråværet av symmetri vanskeleggjer ei slik tolking som noko anna enn eit tilfeldig utfall av kva restar som har overlevd pløgselen. Flata på nordre felt er såleis vurdert som godt eigna for eit gardstun med bygningar, men med for lite att til å få dette gardstunet stad- og tidfesta. Fordi restane etter stolpar var så vilkårlege, var dateringar av desse ikkje prioritert i prøveutvalet, og berre eitt stolpehol vart datert. Denne dateringa plasserer strukturen i eldre bronsealder ( $3063 \pm 31$  BP). Ettersom strukturen er definert som eit stolpehol, tilseier dette at det har vore aktivitet på lokaliteten, men éi datering formar ikkje grunnlag for diskusjon utover dette.

### **Kokegropene**

Kokegropene er dei tydelegaste strukturane på feltet, og er umiskjennelege som eldstader. Før undersøkinga vart det teke høgd for at fleire av dei registrerte kokegropene måtte forventast å ha avvikande funksjon, og dermed bli omdefinert under utgravinga. 13 av dei registrerte kokegropene vart funne att, medan 13 låg utanfor dei flateavdekka områda. Nokre av dei vart avskrivne eller tolka som stolpehol, men åtte av dei atfunne kokegropene heldt på definisjonen.

Funksjonen til kokegropene har truleg vore meir variert enn kva namnet indikerer (Gundersen et al. 2020:187), men til dømes ligg det ei klynge av tre store, rektangulære kokegropene som truleg har hatt same spesialiserte føremål. To av desse kokegropene vart datert, og dei har ikkje overlappande dateringar, noko som indikerer at dei representerer ei repetert gjerning med tilknyting til staden. Årsakene til bruken kan det vanskeleg seiast noko om på grunnlag av det som er funne, men plasseringa tilseier at brukarane har respektert den føregåande aktiviteten, då gropene er lagt svært tett utan å gripe inn i kvarandre. I to av dei eldre kokegropene (A221399



og A221606) var det observert små fragment av brent bein, som underbyggjer ei typisk tolking av nett desse kokegropene med matlagning.

Dateringane rangerer frå ca. 350 f.Kr. til ca. 600 e.Kr. Dette er ikkje heilt ulikt det som er observert på kokegropslokalitetar elles på Austlandet (Gundersen et al. 2020:189). Den sentrale bruksperioden verkar grovt sett å vere i yngre romartid og folkevandringstid, rundt 200–550 e.Kr., men enkelte groper, inkludert dei som inneheldt brent bein, er datert til eldre romartid og førromersk jarnalder.

Prøvematerialet frå Gjerdrum nordre gjev ikkje eit godt grunnlag for å konkludere med førhistorisk jordbruk eller busetnad, men konsentrasjonen av kokegroper er gjerne assosiert med gardstun.

### **Dyrkingslag**

Dei to laga som vart identifisert i dyrkingsprofilen CD221343, er likeins truleg påverka av bakkeplanering. Dyrkingslaget AU221290 framstod som tjukt, kanskje unaturleg tjukt for eit førhistorisk dyrkingslag, og med uklårt skilje mellom moderne matjord og fossil dyrkingsjord.

På grunn av den stratigrafiske plasseringa mellom dyrkingslaget og undergrunnen vart kollaget AL221292 i utgangspunktet tolka som ein mogleg rest av eit avsviingslag. Laget var på den andre sida svært avgrensa, og gjeve den tvilsame framtoninga til laget over, er konteksten til kollaget òg usikker.

I framhaldet av planeringa har matjorda blitt skuva ut til sidene, og redeponert i hellingane nedanfor høgdedraget. Søkket mellom dei to høgdedraga nord og sør i lokaliteten vil såleis ha blitt til dels jamna ut med dei omplasserte jordmassane. Dette kan forklare kvifor dyrkingslaget A221290 låg så djupt og såg så tvilsamt og omrota ut. Laget kan heilt enkelt vere eit fossilt dyrkingslag, men ikkje naudsynleg frå førreformatorisk tid. Ei slik forklaring passar òg med at laget smalna av og blei borte der undergrunnen steig mot sør, og matjordlaget vart nokså tynt att, på same vis som ved flata på nordre felt.

## **9 SAMANDRAG**

Utgravinga vart utført i oktober–november 2022 i samband med dispensasjon for drenering av ca. 91 daa på Gjerdrum nordre. Lokaliteten låg i dyrka mark i delvis bakkeplanert ravine-landskap, og det vart opna langs ein rygg i vestre del innanfor lokalitetsavgrensinga.

I alt vart om lag 2500 m<sup>2</sup> maskinelt flateavdekka, fordelt på tre flater. 58 strukturar vart påvist. Av desse var 35 kokegropar eller kolflekkar og 14 var stolpehol. Fem groper og ei nedgravning vart målt inn, i tillegg vart tre lag målt inn i eit dyrkingsprofil.

Trekolprøver vart vedartsanalysert og datert. I tillegg vart jordprøver frå laga i dyrkingsprofilen og frå enkelte kokegropar og stolpehol analysert for identifisering av makrofossil. Utover ugras (meldestokk, *Chenopodium album*, og linbendel, *Spergula arvensis*) vart det ikkje funne makrofossil i prøvematerialet.

Utgravingsresultata stadfester til dels registreringsrapporten og målsetjingane i prosjektplanen, då det i all hovudsak var kokegropar, stolpehol og dyrkingslag som vart påvist og undersøkt, men både dyrkingslag og bygningsspor var i beste fall usikre. Høgdedraget nordvest på



lokaliteten låg godt til, og var venta å ha spor etter forhistoriske gardsbygningar, men bakkeplanering på staden har ført til at berre relativt djuptgåande strukturar var bevart på flata. Det var ikkje mogleg å finne noko overtydande mønster i oppstillinga av dei bevarte stolpeholia.

Det er òg noko uvisse om alderen og informasjonspotensialet til dyrkingslaget som vart påvist i registreringa; framfor alt skuldast dette truleg bakkeplaneringa. Laget låg ovanpå eit kollag datert yngre bronsealder, men var til dels omrota, spesielt øvst i laget, og det kan truleg definerast som eit fossilt dyrkings- eller kulturlag frå etterreformatorisk tid.

Kokegropene låg stadvis samla i klynger, og truleg har same stad vore nytta til same føremål ved fleire høve. Sidan undersøkinga var den første i Gjerdrum kommune på lang tid, er undersøkinga av kokegropene eit bidrag til det store datamaterialet som utgjer kokegropene på Austlandet. Dateringane ligg innanfor eit spekter mellom ca. 350 f.Kr. og ca. 600 e.Kr., med hovudvekta liggande i intervallet 200–550 e.Kr.

## 10 LITTERATUR

### Fjærstad, Kristin

**2021** *Registreringsrapport: Drenering gbnr. 12/1 Gjerdrum nordre, Gjerdrum kommune.* Rapport frå Arkeologisk feltenhet, Viken fylkeskommune (saksnr. 21/2993). Viken fylkeskommune, Oslo.

### Gundersen, Ingar Mørkestøl, Christian Løchsen Rødsrud og Julian Post-Melbye

**2020** Kokegropene som massemateriale. Regional variasjon i en kulturhistorisk brytningstid. I *Ingen vei utenom. Arkeologiske undersøkelser i forbindelse med etablering av ny rv. 3/25 i Løten og Elverum kommuner, Innlandet*, redigert av Christian Løchsen Rødsrud og Axel Mjærum, ss. 187–199. Cappelen Damm Akademisk, Oslo.

### Lønaas, Ole Christian

**2021** *Prosjektbeskrivelse: Arkeologisk undersøkelse av bosettings- og aktivitetssområde; id 270184. Graving av grøfter for drenering i dyrka mark. Gjerdrum nordre, 12/2, Gjerdrum kommune, Viken.* Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo, Oslo.

### Mjaavatten, Elling og Siri Svendgård-Stokke

**2022** Jordsmonnkart: Forstyrrelser utover jordbearbeiding/grøfting. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) <https://www.nibio.no/tema/jord/jordkartlegging/jordsmonnkart/planeringer-og-fyllinger>, vitja 11. desember 2023.

### Salvig, Karen Vandkrog og Peter Hambro Mikkelsen

**2022** *Rapport vedr. detaljeret vedanatomisk analyse af 15 prøver fra KHM 2021/2993, projektkode: 103777, Drenering Gjerdrum Nordre, Gjerdrum kommune, Viken fylke (FHM 4296/4105).* Rapport frå Moesgaard museum, Afdeling for Konservering og Naturvidenskab, Højbjerg.



